

Under andre verdskrigene var kaffi sjeldan vare, og kaffi-erstatninga som var å få tak i var basert på løvetann og erter. Ingen som hadde smakt ekte kaffi føretrakk erstatninga. Likevel gjekk det ned, det var jo trass alt det nest beste, var det ikkje?

Vi les i Bibelen og syng rett som det er i songar at Gud skapte oss for at vi skulle vere nært knytt til han, og at det er det beste for oss. Men vi har så utruleg lett for å knyte våre håp, vår verdi og vår identitet til eitt eller anna som vi løftar opp og gjer til det viktigaste i livet vårt.

I denne serien vil vi prøve å avsløre korleis ting som eigentleg er gode i seg sjølv kan bli guds-erstatningar. Kvifor ta til takke med det nest beste, erstatninga, når den ekte livgjevande varen er gratis tilgjengeleg for alle?


litt om tema

Vi er kanskje vande til å tenkje litt svart/kvitt kring kva som er bra og kva som er dårlig for oss. Når kortspel og dans var ugesett i tidlegare tider var det nok eit utslag av eit behov for å kategorisere all oppførsel som anten heilag eller syndig. Og såkalla «framgangsteologi» gjør stor suksess i fattige land med å forkynne at materiell rikdom skal vere eit teikn på rett tru og liv.

I røynda ser vi at verda ikkje er så enkel. Pengar, teknologi, maktposisjonar og fridom kan både brukast til gagn og til skade for andre menneske. Dei same tinga og kjenslene kan brukast til å tene Gud, eller vi kan bøye oss for dei og la dei få makt over oss. Uansett er vi avhengige av å kjenne dei igjen for å kunne skilje og gjere våre val.

I dette første gruppeopplegget til temaet «Nest best» vil vi bruke ekstra tid på å sjå kva Guds Ord seier om temaet «avgudsdyrkning» både i det gamle og det nye testamentet. Det er viktig at vi som fellesskap lærer oss å prøve det vi får høre opp mot Bibelen og sjå om det held mål.

OPPSKRIFT PÅ GUDSERSTATNING



Les desse tekstene høgt i gruppa, og samtal ut frå dei vegleiande spørsmåla:

- 5. Mos.5,6-10+ 6,4-5 - Det motsette av kjærleik er ikkje sinne, men det å vere likegyldig. Verkar Gud likegyldig her? Kan vi krysse av for «utført» på 5.Mos. 6,5?
- Kol. 3,5
- Esek. 14,1-4
- Gal 4,1-9 +5,1
- Apg.17, v16+v22-31
- Jer. 2,1-14
- Joh 4,13-19+ 25-26
- Kol 2, 6-15
- Har desse «avgudane» ei god/positiv motsetning? Er då sex, sterke kjensler eller pengar anten bra eller dårlig?
- Kvar bur avgudane, og kva fører dette til?
- Kva er skilnaden på relasjonen til Gud og til dei falske gudane?
- Kva gjør at Paulus blir opprørt? Kunne han talt som han gjorde utan å vere opprørt? Eller om han berre var opprørt?
- Kva blir relasjonen med Gud likna med? Kva fortel desse bileta om vårt svik og Guds frustrasjon?
- Korleis kan Jesus sine ord her kaste lys over den førre teksta?
- Korleis handterer Jesus makta til avgudane for oss? Kva er grunnen, ut frå dette, til å «la vår takk fløyma»?

"Ingen naturlege kjensler er opphøgde eller låge, heilage eller ugudelege i seg sjølv. Dei er alle heilage når Guds hand har styringa. Dei vert alle fordervar når dei riv seg laus og gjer seg sjølv til avgudar".

-C.S. Lewis,
Den store skilsmissa (1944)



Bøn

- takk, bøn og forbøn

- Takk for at vi har ein levande allmektig Gud å tilbe, ein som er interessert i og høyrer på alle våre bekymringar.
- Takk for at Gud gjennom sin son baud oss ein levande relasjon som varer inn i æva, ikkje slaveri for kjensler eller daude ting som sviktar oss til slutt.
- Be om hjelp til å finne dei gode tinga som de har gjort til ultimate ting.
- Del gjerne bøneemne og be for kvarandre

Måten vi veks på som kristne er å lære oss å skilje ut kva som er Guds tale til oss og så handle på det. Av alle samtalane, tekstane og bønene i dag: Kva har blitt ståande som viktigast? Under kan du skrive kva det er, og kva slags respons du vil gje dette. Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.

Kva høyrdé eg?

Kva gjerdé eg med det?



-korleis det gode så lett tek plassen til Den Gode